

<b>Temaplan, påskeførebuing</b>		Ytre Hafstad barnehage
<b>Periode:</b>	Veke 12 og 13	
<b>Tema:</b>	<b>Påskeførebuing</b>	
<b>Utgangspunkt i rammeplanen:</b>	Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn. Personalet skal:	
<b>Kap 9 Fagområda i barnehagen. Etikk, religion og filosofi S 54-55</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- gi barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen</li> <li>- samtale med barna om religiøse og kulturelle uttrykk og vere bevisste på korleis deira eigen deltaking kan støtte og utvide tenkinga til barna</li> </ul>	
<b>Hovudmål:</b>	Formidle den kristne påskebodskapen og fokus på påsketradisjonar	
<b>Delmål:</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bli kjende med eit utval forteljingar frå Bibelen om Jesu liv og gjerningar</li> <li>• Bli kjende med kva påskeforteljinga handlar om, og kvifor vi feirar påske</li> <li>• Formidle ulike påsketradisjonar og glede oss saman over førebuing til høgtida</li> </ul>	
<b>Aktivitetar:</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kyrkjebesøk: Førskulegruppa måndag 20.3, 4 åringane på Kulpen og Fjellet tysdag 21.3.</li> <li>• Påskefrukost: Torsdag 30.3 inviterer vi barn, foreldre og sysken til frukost på avdelinga til barnet</li> <li>• Bøker, forteljingar og dramatisering: <ul style="list-style-type: none"> <li>◦ Historier om Jesus som barn og vaksen, t.d. Jesus 12 år i tempelet, Sakkeus, Jesus og barna, Jesus stiller stormen</li> <li>◦ Påskeforteljinga om hendinga på dei ulike påskedagane palmesøndag, skjærtorsdag, langfredag og påskemorgon, samt samlingar om påsketradisjonar (egg, kyllingar, fjell og ski, sjø og båt, påskeliljer, gul farge ...)</li> </ul> </li> <li>• Ein dag veka før påskeveka: påskerebus/«egg-jakt»</li> <li>• Songar: «Ein liten kylling i egget låg», «Liten kylling satt på eit hønsetak», «Sov du vesle spire ung», «Dine hender var fulle av blomster», «Påskemorgen» m.fl.</li> <li>• Formingsaktivitetar; t.d. så karse, lage kyllingar/egg <ul style="list-style-type: none"> <li>◦ kvar avdeling vel formingsaktivitetar som passar for deira aldersgruppe</li> <li>◦ alle barna skal få lage ein påskepynt som dei skal få ta med heim</li> </ul> </li> </ul>	